



Bygg Prosjekt AS  
Postboks 53 Fantoft  
5899 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4301 - 17/2457

Saksbehandlar:  
Benjamin Hicks  
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:  
25.01.2017

## Mellombels bruksløyve for bustad 29 - gbnr 134/471 Hilland

### Administrativt vedtak. Saknr: 032/17

**Tiltakshavar:** Alversund Utvikling AS

**Ansvarleg søkjar:** Bygg Prosjekt AS

**Søknadstype:** Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket ikkje har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Det er opplyst at dette gjeld montering av innvendig trapp og montering av kjøkken. Dokumentasjon på at arbeida er utført vert oversendt kommunen seinast den 26.01.2017.

Ansvarleg søkjar har elles ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 30.11.2015.

Følgjande arbeid står att:

1. «Montering av innvendig trapp i bolig 29.(monteres 19.01.17)
2. Montering av kjøkken i bolig 29 (monteres 23 – 24.01.17)
3. Jordpålegging av utearealer
4. Motta kontrollerklæring som bekreftelse på at obligatorisk kontroll av lufttetthet og sikring mot fukt er gjennomført
5. Utarbeidelse, sammenstilling og overlevering av FDV dokumentasjon
6. Innsendelse av sluttrapport avfallshåndtering»

Mellombels bruksløyve gjeld bustad 29.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til 31.03.2017

Det vert elles vist til søknad motteken 19.01.2017.

### VURDERING



Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Føresetnaden er at dokumentasjon på at montering av innvendig trapp og montering av kjøkken er utført vert oversendt kommunen seinast før tiltaket vert teke i bruk.

#### Skildring

Adresse:	Vardane 190
Bygningstiltak:	Firemannsbustad
Nytt gbnr:	134/487

#### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for «bustad 29» på gbnr 134/487 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltak
2. Dokumentasjon på at montering av innvendig trapp og montering av kjøkken er utført skal vere oversendt kommunen seinast før tiltaket vert teke i bruk
3. Ferdigattest skal liggje føre innan 31.03.2017

#### Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/4301

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Alversund utvikling AS

Fagernes 4

5043

BERGEN

**Mottakarar:**

Bygg Prosjekt AS

Postboks 53  
Fantoft

5899

BERGEN